
Ospehaugen i Sunnfjord

Vurdering av naturmangfald på myrar og område
avsett til næring



Miljøfaglig Utredning, notat 2024–N23

Dato: 23.10.2024

Notat 2024-N23

Utførende institusjon: Miljøfaglig Utredning AS	Prosjektansvarleg: Ardian Høgøy Abaz
	Kvalitetssikrar: Geir Gaarder
Oppdragsgivar: Sunnfjord Entreprenør AS	Kontaktperson hos oppdragsgivar: Terje Truls Oppedal
Referanse: Abaz, A. H. 2024. Ospehaugen i Sunnfjord. Konsekvensar for naturmangfald i samband med myrar og område avsett til næring. Miljøfaglig Utredning notat 2024-N23, 24 s. ISBN 978-82-345-0647-5.	
Referat: På oppdrag for Sunnfjord Entreprenør AS har Miljøfagleg Utredning gjort ein vurdering av naturverdiar og konsekvensar på naturverdiar og konsekvensar på naturmangfaldet for område avsett til næring på Ospehaugen i Sunnfjord kommune. Vurderingane er m.a. gjort med grunnlag i Naturmangfaldlova §§ 8-10. Utgreiingane baserer seg på nytt feltarbeid, retta mot utvalskartlegging av naturtypar etter Miljødirektoratet sin instruks og førekomst av raudlisteartar og framandartar. To alternativ er skildra i rapporten, ein med opphavleg plan om berre bygge over skogsmark (det som er avsett til næring ifølgje kommunens arealplan), og eit anna alternativ som inkluderer skogsmarken pluss eit lite areal med myr som ligg innanfor avsett LNF-område. Konkret kva som skal byggast her er enno ikkje avklart, men i denne rapporten er det lagt til grunn at all natur innanfor arealet vil bli nedbygd for begge alternativa. I utgreiingsområdet vart det registrert 1 nedbørsmyr. Lokaliteten ligg innanfor LNF-området, med andre ord eit stykke vest for område regulert til næring. Tiltaket vil ikkje medføre noko betydeleg effekt på den registrerte nedbørsmyra, men vil påverke fattig jordvassmyr (som ikkje er noko naturtype etter Miljødirektoratets instruks). Samla sett vurderast tiltaka å medføre ubetydeleg miljøskade (0) for den registrerte naturtypen og området som heilskap. Kunnskapsgrunnlaget vurderast å være godt, både for naturtypar og artar. Noko uvisse er knytt til påverknaden, ettersom tiltaka framleis er tidleg i planleggingsfasen. Viktigaste avbøtande tiltak er å unngå unødige midlertidige fysiske inngrep, inkludert å plassere maskinar eller lausmassar på stader som ikkje skal bli varig fysisk påverka.	

Framsidedfoto: Nordre del av område avsett til næring. Hovudsakleg er det snakk om ung skog med dominans av blåbær i feltsjiktet. Foto: Ardian Høgøy Abaz


INNHALD

INNHALD.....	3
1 INNLEIING	4
1.1 BAKGRUNN	4
1.2 ALTERNATIV	5
1.2.1 Nullalternativet	5
1.2.2 Utbyggingsalternativ 1	5
1.2.3 Utbyggingsalternativ 2	6
2 METODE	7
2.1 KONSEKVENSANALYSE	7
2.1.1 Steg 1. Inndeling i delområde	7
2.1.2 Steg 2. Sette verdi for kvart delområde	8
2.1.3 Steg 3. Vurdering av påverknad for kvart delområde	10
2.1.4 Steg 4. Vurdere samla konsekvens for kvart delområde	12
2.1.5 Steg 5. Vurdere samla konsekvens for naturmangfald	13
2.2 NATURMANGFALDLOVA §§8-10.....	13
2.3 KUNNSKAPSGRUNNLAGET	13
2.3.1 Tidlegare kjend kunnskap om området	13
3 NATURMANGFALDET.....	16
3.1 NATURGRUNNLAGET	16
3.2 NATURTYPAR OG ARTSMANGFALD	16
4 VERDISSETTING.....	17
4.1.1 Ospehaugen sørvest	17
5 PÅVERKNAD OG KONSEKVENNS	20
5.1 NULLALTERNATIV	20
5.2 UTBYGGINGSALTERNATIV 1	20
5.3 UTBYGGINGSALTERNATIV 2	20
6 AVBØTANDE OG KOMPENSERANDE TILTAK	22
7 VURDERINGAR ETTER NATURMANGFALDLOVA §§ 8-10.....	23
7.1 KUNNSKAPSGRUNNLAGET (§ 8)	23
7.2 FØRE-VAR-PRINSIPPET (§ 9)	23
7.3 ØKOSYSTEMTILNÆRMING OG SAMLA BELASTNING (§ 10).....	23
8 KJELDER.....	24

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Miljøfaglig Utredning v/biolog Ardian Høgøy Abaz har gjort ei vurdering av naturmangfaldsverdiar i samband med planar om område avsett til næring på Ospehaugen, gnr. 205 bnr. 4 i Sunnfjord kommune. I samband med tiltaket ønsker Sunnfjord kommune at naturverdiane blir nærmare undersøkt. Denne rapporten svarer på dette, med grunnlag i Naturmangfaldslova §§ 8-10 sine utgreiingskrav. Det vurderast å vere opp til utbyggar å svare ut §§ 11-12 (om kostnader ved miljøforringing, samt bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder) i lova.



Figur 1. Vår definisjon av utgreiingsområdet, slik den vart avgrensa ved innlegging i Miljødirektoratet sitt kartleggingssystem.

1.2 Alternativ

1.2.1 Nullalternativet

Nullalternativet inneber at dagens bruk held fram slik han er no. Det vil ikkje skje noko inngrep av skog eller myr ved Ospehaugen.

1.2.2 Utbyggingsalternativ 1


Det kjem fram av kommuneplanens arealdel at eit område på gbr./bnr. 205/4 i Sunnfjord kommune er avsett til næring (figur 2). Konkret kva som skal byggast her er enno ikkje avklart, men i denne rapporten er det lagt til grunn at all natur innanfor arealet vil bli nedbygd.



Figur 2. Arealplankart over Gnr./bnr. 205/4 i Sunnfjord kommune. Område i lys lilla farge er alt nytta til næring) medan mørk lilla viser framtidig næringsareal. Lyst, grønt farge viser areal satt av til LNF (Landbruk-, natur-, og fritidsformål). Tilsendt frå Sunnfjord Entreprenør AS, 02.10.2024.

1.2.3 Utbyggingsalternativ 2

Utbyggingsalternativ 2 tilsvarer alternativ 1 (sjå figur 2), men inkluderer i tillegg et mindre areal i sørvest. Dette er på figur 3 vist med gule piler. Dette alternativet inkluderer m.a. eit lite myrområde (djup myr etter NIBIO si Kilden).



Figur 3. Oversikt over areal planlagt til næring. Innanfor svart line til høgre viser kor det er planlagt utviding av næring. Gule piler viser mogleg myr som òg ønskes å bli nedbygd til næring (utbyggingsalternativ 2). Tilsendt frå Sunnfjord Entreprenør AS, 09.10.2024.

2 Metode

2.1 Konsekvensanalyse

Miljødirektoratets rettleiar M-1941 for konsekvensutgreiing av naturmangfald (2024a) baserer seg på fem steg:

- Steg 1. Inndeling i delområde
- Steg 2. Sette verdi på kvart delområde
- Steg 3. Vurdere påverknad for kvart delområde
- Steg 4. Vurdere konsekvens for kvart delområde
- Steg 5. Vurdere samla konsekvens for naturmangfald

2.1.1 Steg 1. Inndeling i delområde

Utredningsområdet vert delt inn i mindre, heilskaplege delområde, med grunnlag i kategoriane lista opp under. Naturtypar kartleggast normalt etter Miljødirektoratets instruks (2024). Registrering av raudlista artar vert gjort med grunnlag i raudliste for artar 2021 (Artsdatabanken 2021) og framande artar etter framandartslista (Artsdatabanken 2023).

Tabell 1. Utredningsområdet deles inn i mindre, heilskaplege delområde, basert på ulike registreringskategoriar.

Registreringskategori	Skildring
Verneområde	Verneområde etter naturmangfaldlova, verdensarvområde, føreslegne verneområde.
Utvald naturtype	Utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova § 52.
Naturtypar	Naturtypar etter Miljødirektoratets instruks, handbok 13 og handbok 19.
Arter og økologiske funksjonsområde	Et område som inneheld ein eller fleire økologiske funksjonar for ein eller fleire artar. Omfattar areal både i vatn og på land med viktige økologiske funksjonar som ikkje fangast opp av naturtypenivået. Prioriterte artar og deira økologiske funksjonsområde.
Landskapsøkologiske funksjonsområde	Viktige areal for naturmangfald, bunde saman av område med naturkvalitetar som legg til rette for vandring eller spreiding, også kalla økologisk flyt, mellom desse. Landskapsøkologiske funksjonsområde som bidrar til å bevare levedyktige bestandar av artar gjennom flyt av gen eller individ mellom leveområde. Landskapsøkologiske funksjonsområde fell inn under definisjonen av grøn infrastruktur, etter Stortingsmelding 14 (2015-2016).
Geologisk mangfald	Et avgrensa område som representerer en del av vår geologiske arv.

2.1.2 Steg 2. Sette verdi for kvart delområde

På bakgrunn av innsamla data vert det gjort ein vurdering av verdien til kvart delområde. Verdien blir fastlagt på grunnlag av eit kriteriesett.

Tabell 2. Verditabell for naturmangfald som blir brukt til å sette verdi for kvart delområde.

Verdikategori	Ubetydelig verdi	Noko verdi	Middels verdi eller forvaltningsprioritet	Stor verdi eller høg forvaltningsprioritet	Svært stor verdi eller høgaste forvaltningsprioritet
Verneområde og område med bandlegging					Verdsarvområde Område verna etter naturmangfaldlova Føreslegne verneområde Utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova § 52
Naturtypar etter Miljødirektoratets instruks		Naturtypar med sentral økosystemfunksjon med svært låg lokalitetskvalitet Nær trua naturtypar (NT) med svært låg lokalitets-kvalitet Spesielt dårleg kartlagde naturtypar med svært låg lokalitetskvalitet	Kritisk trua (CR) med svært låg lokalitetskvalitet Sterkt trua (EN) med svært låg lokalitetskvalitet Sårbare natur-typar (VU) med svært låg lokalitetskvalitet Naturtypar med sentral økosystemfunksjon med låg lokalitets-kvalitet Nær trua natur-typar (NT) med låg og moderat lokalitetskvalitet Spesielt dårleg kartlagde natur-typar med låg og moderat lokalitetskvalitet	Kritisk trua (CR) med låg lokalitetskvalitet Sterkt trua (EN) med låg eller moderat lokalitetskvalitet Sårbare natur-typar (VU) med låg, moderat eller høg lokalitetskvalitet Naturtypar med sentral økosystemfunksjon med moderat og høg lokalitetskvalitet Nær trua natur-typar (NT) med høg og svært høg lokalitetskvalitet Spesielt dårleg kartlagde natur-typar med høg og svært høg lokalitetskvalitet	Kritisk trua (CR) med moderat, høg eller svært høg lokalitets-kvalitet Sterkt trua (EN) med høg eller svært høg lokalitetskvalitet Sårbare naturtypar (VU) med svært høg lokalitetskvalitet Naturtypar med sentral økosystem-funksjon og svært høg lokalitetskvalitet
Naturtypar kartlagt etter handbok 13 og handbok 19		C-lokalitetar av naturtypar kartlagt etter DN-HB13 C-lokalitetar av naturtypar kartlagt etter DN-HB19	Nær trua natur-typar (NT) med B- og C-verdi B-lokalitetar av naturtypar kartlagt etter DN-HB13 B-lokalitetar for naturtypar kartlagt etter DN-HB19 som ikkje er av vesentleg regional verdi (konkret vurdering naudsynt)	Sterkt (EN) og kritisk trua (CR) naturtypar med C-verdi Sårbare natur-typar (VU) med B- og C-verdi A-lokalitetar av naturtypar kartlagt etter DN-HB13, inkl. nær trua natur-typar (NT) A og B-lokalitetar for naturtypar kartlagt etter DN-HB19	Sterkt (EN) og kritisk trua (CR) naturtypar med A- og B-verdi Sårbare naturtypar (VU) med A-verdi
Arter inkludert økologiske funksjonsområde		Vanlege arter og deira funksjonsområde	Nær trua (NT) arter og deira funksjonsområde	Sårbare (VU) arter og deira funksjonsområde	Freda arter Prioriterte arter (med eventuelt

		Laks, sjøaure- og sjørøye-bestandar /vassdrag i verdikategori "liten verdi" (NVE 49/2013) Ferskvassfisk og åle - vassdrag/bestandar i verdikategori "liten verdi" (NVE 49/2013)	Funksjonsområde for spesielt omsynskrevjande artar Fastsette bygdenære område omkring nasjonale villreinområde som grensar til viktige funksjonsområde Laks, sjøaure- og sjørøyebestandar/ vassdrag i verdikategori "middels verdi" (NVE 49/2013) Innlandsfisk og åle - vassdrag/bestandar i verdikategori "middels verdi" (NVE 49/2013)	Spesielle økologiske formar av artar (omfattar ikkje fisk då desse fangast opp i NVE 49/2013)) Fastsette randområde til dei nasjonale villreinområda Viktige funksjonsområde for villrein i dei 14 resterande villreinområda (ikkje nasjonale) Laks sjøaure -, og sjørøyebestandar/ vassdrag i verdikategori "stor verdi" (NVE 49/2013) Innlandsfisk (t.d. langt vandrane bestandar av harr, aure og sik) og åle vassdrag/bestandar i verdikategori "stor verdi" (NVE 49/2013)	forskriftsfesta funksjonsområde) Sterkt trua (EN) og kritisk trua (CR) artar og deira funksjonsområde Nasjonale villreinområde Vill-laksbestandar i nasjonale laksevassdrag og laksefjorðar, samt resterande anadrome fiskebestandar/vassdrag i verdikategori "svært stor verdi" (NVE 49/2013) Lokalitetar med relikt laks Spesielt verdifulle storaurebestandar – sikre storaurebestandar (f.eks. Hundaure) og ålevassdrag/bestandar i verdikategori "svært stor verdi" (NVE 49/2013)
Landskapsøkologiske funksjonsområde		Lokalt viktige vilt- og fugletrekk Område med mogleg betydning i samanbinding av dokumenterte funksjonsområde for artar Definerte område med særleg høg tettleik/stor arealdel av fåtalege og intakte naturtypar og økosystem eller landskap med viktige økologiske prosessar Fysiske strukturar i landskapet som er viktige leveområde, trekk-, vandrings- og forflytningskorridorar for a) eit høgt tal artar eller b) viktige for å oppretthalde levedyktige bestandar av definerte grupper av artar (T.d.: amfibium, pollinatorar) Lokalt viktige intakte kjerneområde og naturstrukturar i elles fragmenterte landskap Intakte kjerneområde med natur i sterkt fragmenterte landskap Naturstrukturar av særleg betydning for viktige naturprosessar	Regionalt viktige område for vilt- og fugletrekk. Område som med stor grad av tryggleik bidrar til samanbinding av dokumenterte funksjonsområde for artar	Intakte samanhengar mellom eller i tilknytning til større naturområde som har ein viktig funksjon som forflyttings- og spreingskorridor for artar Nasjonalt viktige område for vilt- og fugletrekk. Område som med stor grad av tryggleik bidrar til samanbinding av verneområde eller dokumenterte funksjonsområde for artar med stor eller svært stor verdi. Lengre elvestrekningar med langt vandrane fiskebestandar.	Særleg store og nasjonalt/internasjonalt viktige trekkruiter.

		eller for økosystemas struktur, funksjon og/eller motstandskraft/tilpassingsevne til forventade naturendringar.			
Landskapsøkologiske funksjonsområde - natursystemkompleks		Definerte område (t.d. natursystemkompleks) med særleg høg tetteleik på/stor arealdel av fåtalege (sjeldne) og intakte naturtypar og økosystem eller landskap med viktige økologiske prosessar.	Definerte område (t.d. natursystemkompleks) med særleg høg tetteleik på/stor arealdel av fåtalege (sjeldne) og intakte naturtypar og økosystem eller landskap med viktige økologiske prosessar.	Definerte område (t.d. natursystemkompleks) med særleg høg tetteleik på/stor arealdel av fåtalege (sjeldne) og intakte naturtypar og økosystem eller landskap med viktige økologiske prosessar.	
Geologisk mangfald - geotopar	Diffus utforming / sterkt redusert tilstand	Nær trua objekt med tydeleg til middels tydeleg utforming og god til noko redusert tilstand, Sårbare objekt med middels tydeleg utforming og noko redusert tilstand.	Nær trua objekt med særleg tydeleg utforming og særleg god tilstand, sårbare objekt med tydeleg utforming og god tilstand, trua objekt med middels tydeleg utforming og noko redusert tilstand.	Sårbare objekt med særleg tydeleg utforming og særleg god tilstand, trua objekt med tydeleg utforming og god tilstand.	Trua og kritisk trua objekt og/eller forvaltningsprioriterte, særleg tydeleg utforming/store system, særleg god tilstand.
Geologisk mangfald - geologisk arv (geosteder)		Geostad som enten har forringa kvalitet eller låg representativleik, men kan likevel vere av betydning for lokal geologisk forståing Lite tydeleg og svakt forklarande geostad, men som likevel er relevant for kjennskap til lokal geologi.	Geostad som er enten har noko forringa kvalitet eller at representativleik er avgrensa til eit avgrensa område (region) Tydeleg geostad som bidrar til å auke forståinga av ein geologisk prosess eller eit områdes geologiske oppbygging, og er relevant for læringsmål eller pensum.	Godt bevart, vitskapleg kjent geostad som gir/har gitt bidrag til å auke forståinga av geologiske prosessar og samanhengar, og er representativt for Noregs geologiske oppbygging Tydeleg geostad som bidrar til å auke forståinga av ein geologisk prosess eller Noregs geologiske oppbygging, og er relevant for læringsmål eller pensum.	Særleg godt bevart, vitskapleg velkjent geostad som gjev/har gitt betydelege bidrag til geologi som vitskap eller global geologisk forståing, og er representativ for betydingsfulle og fundamentale prosessar og samanhengar i jordsystemet. Svært tydeleg geostad som bidrar til god forståing av ein global geologisk prosess eller samanheng, og er svært relevant for undervisningsformål.

2.1.3 Steg 3. Vurdering av påverknad for kvart delområde

Med grunnlag i endringar tiltaket er venta å gje, blir det gjort ein vurdering av påverknad på ulike delområde. Påverknaden blir satt med grunnlag i eit kriteriesett. Dette er her vist for Naturtypar etter Miljødirektoratets instruks.

Tabell 3. Vurdering av tiltaket eller planens påverknad på kvart delområde.


Planen eller tiltakets påverknad	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forverra	Sterkt forverra
Vernet natur	Betrar tilstanden ved at området blir restaurert mot ein	Ingen eller uvesentleg	Ubetydeleg påverknad. Ikkje	Mindre påverknad som rører ved liten/ubetydeleg del	Påverknad som medfører direkte inngrep i

	opphavleg naturtilstand.	verknad på kort eller lang sikt.	direkte arealinngrep. Verknadens varigheit: Varig forverring av mindre alvorleg art, eventuelt meir alvorleg miljøskade med kort restaureringstid (1-10 år)	og ikkje er i strid med verneformålet. Verknadens varigheit: Varig forverring av middels alvorsgrad, eventuelt meir alvorleg miljøskade med middels restaureringstid (>10 år)	verneområdet og er i strid med verneformålet Verknadens varigheit: Varig forverring av høg alvorsgrad. Eventuelt med lang/svært lang restaureringstid (>25 år).
Naturtypar	Betrar tilstanden ved at eksisterande inngrep tilbakeførast til opphavleg natur.	Ingen eller uvesentleg verknad på kort eller lang sikt	Rører ved ein mindre viktig del som samtidig utgjer mindre enn 20 % av lokaliteten. Liten forverring av restareal. Verknadens varigheit: Varig forverring av mindre alvorleg art, eventuelt meir alvorleg miljøskade med kort restaureringstid (1-10 år)	Rører ved 20–50 % av lokaliteten, men liten forverring av restareal. Ikkje forverring av viktigaste del av lokalitet. Verknadens varigheit: Varig forverring av middels alvorsgrad, eventuelt meir alvorleg miljøskade med middels restaureringstid (>10 år)	Rører ved heile eller størstedelen (over 50 %). Rører ved mindre enn 50 % av areal, men den viktigaste (mest verdifulle) delen øydeleggast. Restareal mister sine økologiske kvalitetar og/eller funksjoner. Verknadens varigheit: Varig forverring av høg alvorsgrad. Eventuelt med lang/svært lang restaureringstid (>25 år).
Økologiske funksjonar for artar og landskapsøkologiske funksjonsområde	Gjenopprettar eller skapar nye trekk/ vandringsmoglegheit er mellom leveområde/biotopar (også vassdrag). Viktige biologiske funksjoner styrkes.	Ingen eller uvesentleg verknad på kort eller lang sikt	Splittar samanhengar/ reduserer funksjonar, men vesentlege funksjonar oppretthaldast i stor grad. Mindre alvorleg svekking av trekk/ vandringsmoglegheit og fleire alternative trekk finst. Verknadens varigheit: Varig forverring av mindre alvorleg art, eventuelt meir alvorleg miljøskade med kort restaureringstid (1-10 år)	Splitter opp og/eller forringar areal slik at funksjonar reduserast. Svekker trekk/ vandringsmoglegheit, eventuelt blokkerer trekk/ vandringsmoglegheit der alternativ finst. Verknadens varigheit: Varig forverring av middels alvorsgrad, eventuelt meir alvorleg miljøskade med middels restaureringstid (>10 år)	Splitter opp og/eller forringar areal slik at funksjoner brytast. Blokkerer trekk/vandring kor det ikkje er alternativ. Verknadens varigheit: Varig forverring av høg alvorsgrad. Eventuelt med lang/svært lang restaureringstid (>25 år).
Geotop	Kan avdekke nye geostader. Viktige geologiske funksjonar kan styrkast.	Ingen eller uvesentleg verknad på kort eller lang sikt.	Rører ved ein mindre viktig del som samtidig utgjer mindre enn 20 % av lokaliteten. Liten forverring av restareal.	Rører ved 20–50 % av lokaliteten, men liten forverring av restareal. Ikkje forverring av viktigaste del av lokalitet.	Rører ved heile eller størstedelen (over 50 %). Rører ved mindre enn 50 % av areal, men den viktigaste (mest verdifulle) delen øydeleggast. Restareal mistar sine geologiske kvalitetar og/eller funksjonar.

Geologisk arv - geostader	Tiltaket bedrer tilstanden ved at eksisterende inngrep tilbakeføres og tydeliggjør landskapets geologiske karakter, dets geologiske funksjon og inntryksstyrke.	Tiltaket medfører ingen vesentlig påvirkning i landskapets geologiske karakter, dets geologiske funksjon og inntryksstyrke.	Tiltaket medfører noe skjemmende påvirkning i landskapet geologiske karakter, dets geologiske funksjon og inntryksstyrke.	Tiltaket medfører merkbart endring i landskapet geologiske karakter, og / eller medfører inngrep som påvirker landskapets geologiske funksjon og inntryksstyrke.	Tiltaket medfører en stor endring i landskapet geologiske karakter, og / eller medfører store inngrep som reduserer landskapets geologiske funksjon og inntryksstyrke.
----------------------------------	---	---	---	--	--

2.1.4 Steg 4. Vurdere samla konsekvens for kvart delområde

Konsekvensgrad blir fastsett og grunngeve gjennom ein kombinasjon av verdi og påverknad for dei ulike delområda. Til dette blir det brukt ei konsekvensvifte som er vist i figur 4 under. Forklaring til fargeskalaen i konsekvensgraderingen er vist i tabell 4 under.



Figur 4. Konsekvensvifta som vert brukt for å sette konsekvensgraden for kvart delområde ut frå ein kombinasjon av verdi og påverknad.

Tabell 4. Konsekvensgrad for kvart delområde blir vurdert og grunnlagt ut frå ein kombinasjon av verdi og påverknad.

Skala	Konsekvensgrad	Forklaring
----	Svært alvorleg miljøskade	Den mest alvorlege miljøskaden som kan oppnåast for området. Gjeld berre for område med stor eller svært stor verdi
---	Alvorleg miljøskade	Alvorleg miljøskade for området
--	Betydeleg miljøskade	Betydeleg miljøskade for området

Skala	Konsekvensgrad	Forklaring
-	Noko miljøskade	Noko miljøskade for området
0	Ubetydeleg miljøskade	Ingen eller ubetydeleg miljøskade for området
+ / ++	Noko miljøforbetring Betydeleg miljøforbetring	Miljøgevinst for området. Noko forbetring (+) eller betydeleg forbetring (++)
+++ / ++++	Stor miljøforbetring Svært stor miljøforbetring	Stor miljøgevinst for området. Stor (+++) eller svært stor (++++) forbetring. Blir i hovudsak brukt der område med ubetydeleg eller noko verdi får ein svært stor verdiauking som følge av tiltaket

2.1.5 Steg 5. Vurdere samla konsekvens for naturmangfald

Til slutt blir konsekvensgrader og avvegingar for dei ulike delområda samanstillt, og det blir fastlagt ein samla konsekvens for naturmangfaldet. Utgreiinga skal vurdere nullalternativet (dagens situasjon) opp mot utbyggingsalternativet. Om det er fleire alternativ blir det gitt ein samla vurdering for kvart alternativ før dei blir rangert.

2.2 Naturmangfaldlova §§8-10

Innebygd i metodikken for konsekvensutgreiingar ligg òg ei vurdering av naturmangfaldlova. Dei grunnleggande paragrafane her er §§4-5 som sett bevaringsmål for artar og naturtypar. §7 stiller i neste omgang krav om at prinsippa i §§8-12 skal leggjast til grunn ved utøving av offentlig myndigheit. Av desse vil det vanlegvis vere opp til tiltakshavar å svare på §§11-12, mens §§8-10 vanlegvis svarast ut i utgreiingar som denne. Kort summert opp oppfyllest krava i desse paragrafane slik:

- §8 – kunnskapsgrunnlaget: Dette vert skildra i kapittel 2.3.
- §9 – føre-var-prinsippet: Denne paragrafen skal nyttast når det føreligg utilstrekkeleg kunnskap. Kapittel 4.4 behandlar uvisse, og det er her informasjon som svarar om føre-var-prinsippet bør nyttast eller ikkje er skildra.
- §10 – samla belastning: Paragrafen stiller krav om å sette påverknaden på naturmangfaldet i et større geografisk perspektiv. Dette er skildra i et eiga kapittel 4.3, etter verdsettinga og den samla belastninga skal i neste omgang integrerast i vurdering av påverknad og konsekvens.

2.3 Kunnskapsgrunnlaget

2.3.1 Tidlegare kjend kunnskap om området


Kunnskapen om naturmangfaldet i sjølve kartleggingsområdet er i hovudsak basert på eget feltarbeid utført 09.10.2024. Været varierte frå overskyt til regn men det utgjorde ingen problem for feltarbeidet. Heile utgreiingsområdet låg lett tilgjengeleg.

Det ser ikkje ut til å ha vore gjort nokre artsregistreringar i utgreiingsområdet tidlegare, i følgje Artskart (Artsdatabanken 2024, sist sjekka 09.10.2024). Heller ingen naturtypelokalitetar har vore registrert tidlegare i Naturbase (Miljødirektoratet 2024b, sist sjekka 09.10.2024).

Flyfoto over området visar at Ospehaugen var meir ope på 60-talet, truleg med både område med myr og gammalt kulturlandskap (**Feil! Fant ikke referanse kilden.**). I Kilden (NIBIO 2024) er det registrert 2 myrar i utgreiingsområdet, kor den eine er registrert som djup og den andre har ukjend djupn. Det eldste flyfotoet viser òg at austre del av utgreiingsområdet har vore utsett for enkelte inngrep (gamle traktorveg eller veg inn til gardsbruket nordvest). Samla sett vil feltarbeidet utgjere størstedelen av kunnskapsgrunnlaget for utgreiingsområdet.



Figur 5. Historiske foto av utgreiingsområdet på Ospehaugen frå 2023 (øvt t. v.), 1981 (øvt t. h.) og 1962 (det store utsnittet nedst). Både i sentrale delar og lengst søraust kan ein sjå at området har vore meir opent. Henta frå kart.finn.no, 17.10.2024.



Figur 6. Registrerte myrar på Ospehaugen. Mørk blå indikerer djup myr, stipla figurar har ukjend djupn. Henta frå Kilden, 17.10.2024 (NIBIO 2024).

3 Naturmangfaldet

3.1 Naturgrunnlaget

Området ligg på grensa mellom sørboreal (SB) og mellomboreal (MB) vegetasjonssone. Det er med andre ord i overgangssonen kor ein kan forvente å finne varmekjære artar i sørvendte lier, men i dette tilfellet er det snak om svak nordvendt li. Ein vil då forvente å finne mest av mindre varmekjære artar som furu og boreale lauvtre. I tillegg er det på klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2). Dette gjev grunnlag for eit fuktig klima. Berggrunnen består hovudsakleg av kvartsskifer, med mindre benker av marmor (NGU 2024). Sistnemnde inneber eit potensial for kalkrik vegetasjon.

3.2 Naturtypar og artsmangfald

Med grunnlag i NiN (Natur i Norge) er det innslag av både fastmark og våtmark innanfor utgreiingsområdet. Mykje av området er i dag anten ung blåbærskog eller kalkfattig myrskog. Mellom dei to registrerte myrane til NIBIO (figur 6) er det òg meir våtmark. Topografisk kart tyder på fastmark der, men det er faktisk meir våtmark enn det som vert vist.

I området er det registrert ein lokalitet som nedbørsmyr, innanfor det allereie registrerte djupe myra etter NIBIO. Nedbørsmyr er ekstremt kalkfattige myrar som berre får tilføring av vatn regn (slike typar myrar vert òg omtalt som ombrotrofe myrar). I praksis vil dei difor vere svært artsfattige og kan tilsynelatande sjå ut som fastmark. Det er likevel dominans av myrartar. Det er òg innslag av fattig jordvassmyr (som ikkje skal kartleggast etter Miljødirektoratets instruks). Lokaliteten grensar mot fastmarksskog og kalkfattig myrskog mot nord og er elles omslutta av fattig jordvassmyr i aust og sør. Det er mogeleg å skilje ut jordvassmyrområde på flyfoto, da desse areala er meir opne og har lysare farge (som følge av større innslag av gras og halvgras). Jordvassmyrarealet i sør kan ein òg sjå får tilsig av vatn frå liene i sør.

Karplantefloraen i utgreiingsområdet er i hovudsak knytt til kalkfattig skog og myrar. Dei beste jordvassmyrindikatorane i område inkluderer storr (her slåttestorr), tepperot, duskull, og til dels rome og blåtopp (men desse artane kan vere ganske vanlege på mange typar myr i oseaniske område og er ikkje alltid gode jordvassindikatorar). I ombrotrofe myrar er artsmangfaldet enda lågare enn jordvassmyrane, og det er berre dei to sistnemnde artane som førekjem her. På dei ombrotrofe myrane er det meir lyng, i tillegg til innslag av små furutre) og kan difor gje eit inntrykk av open fastmarksskog, men det er òg mykje bjønnskjegg.

Furu er det dominerande treslaget i størstedelen av utgreiingsområdet. Der det er avsett til næring i utgreiingsområdet er det lauvtre som dominerer, særleg osp og bjørk. Det er svært lite daud ved i utgreiingsområdet og det vart ikkje funne krevjande artar knytt til gamle tre.

Ingen nasjonale framandartar vart registrert i utgreiingsområdet. Norsk gran er ein lokal framandart og har spreidd seg lokalt i nordre del av utgreiingsområdet.

4 Verdisetting

Naturtypar rekna for særleg verdifulle av Miljødirektoratet blir gjenstand for separat vurdering av verdi, påverknad og konsekvens. Det vart påvist ein verdifull naturtype innanfor området, basert på Miljødirektoratet sin instruks. Ingen raudlisteartar vart registrert i området. Ifølge Naturbase er det ingen kjente geotopar eller geologiske objekt i området.

Den verdifulle naturtypen er vurdert til å vere ein nedbørsmyr, meir spesifikt høgareliggande og nordleg nedbørsmyr. Utgangspunktet er at lokaliteten ligg i mellomboreal sone. Minimum areal for denne naturtypen er 10 daa (medan minimum areal for sørleg nedbørsmyr i sørboreal sone er enda mindre, på 2,5 daa). All nedbørsmyr er nær trua etter Rødliste for naturtyper (Lyngstad mfl. 2018). Kor lokalitetane ligg i utredningsområdet er vist i figur 7.

4.1.1 Ospehaugen sørvest

NiN-ID: NINFP2410180713

Naturtype: E12.2 Høgareliggande og nordleg nedbørsmyr

Kartleggingseining(er): V1-C-5 Svært og temmeleg kalkfattige myrkantar (20%) og V3-C-2 Ombrotrof myrkant (80%)

Areal: 11896 m²

Registreringsdato: 09.10.2024

Lokalitetskvalitet: Høg kvalitet

Tilstand: Tilstand er vurdert til god, basert på at myra ikkje har noko slitasje eller spor etter tiltak som grøfting og torvuttak.


Naturmangfald: Naturmangfald er vurdert til moderat, basert på at lokaliteten har myrstrukturar i klar veksling, med innslag av høljær og høge tuer. Elles oppnår myra minstestørleiken for naturtypen (mellom 10 og 50 daa for nedbørsmyrar i mellomboreal sone). Lokaliteten grensar til kalkfattig myrskog og fastmarksskog i nord og vest, samt svært fattige jordvassmyrar langs søre ende.

Verdi: Stor

Verdigrunngeving: Lokaliteten er ein nær trua (NT) naturtype etter Norsk raudliste for naturtypar. Alle nær trua naturtypar med høg kvalitet blir vurdert til stor verdi etter Miljødirektoratets metodikk for konsekvensvurdering.



Figur 8. Lokalteten Ospehaugen sørvest, registrert som høgareliggende nedbørsmyr. Parti av nedbørsmyra har ein klar veksling mellom myrstrukturar i form av høljar og tuer. Typisk for slike myrar er at dei er veldig artsfattige og har mange unge og tynne furutre. Foto: Ardian Høgøy Abaz, 09.10.2024.



Figur 7. Stadfesting av påvist naturtype innanfor utgreiingsområdet ved Ospehaugen. Den rosa polygonen viser naturtypelokaliteten frå årets kartlegging nummerert: 1 - Ospehaugen sørvest.

Alle delområde skal verdivurderast etter Miljødirektoratets metode for konsekvensutgreiing av naturmangfald. Det er registrert ein lokalitet etter Miljødirektoratets instruks. Denne lokaliteten, i tillegg til resten av planområdet, blir skildra som 2 dellokalitetar med eigne verdiar (tabell 5) for resten av rapporten.

Nedbørsmyr er ein nær trua (NT) naturtype av høg kvalitet og får difor stor verdi. Resten av utgreiingsområdet får noko verdi (ein må anta at all myr har noko verdi fordi dei kan vere habitat for vanlege augnestikkarar og andre insekt) utan at dette er spesielt synleggjort på kartet.

Tabell 5. Verdivurdering av dei ulike delområda som vart registrert i utredningsområdet på Ripeneset.

Delområde/naturtype	Skildring	Verdi (Veileder M-1941)
1 - Ospehaugen sørvest	Høgareliggende eller nordleg nedbørsmyr	Stor verdi
2 - Resten av planområdet	Ope jordvassmyr og skog	Noko verdi

5 Påverknad og konsekvens

5.1 Nullalternativ

Nullalternativet inneber at dagens påverknad på naturmangfald i utgreiingsområdet held fram. Ungskogen og myra vil få ein svak positiv påverknad av at den får bli eldre. Med fleire grove tre og daud ved vil skogen få fleire potensielle habitat for sopp og insekt. Nullalternativet skal vere samanlikningsgrunnlaget for utbyggingsalternativ og får difor per definisjon inga konsekvens.

Med inga endring vil samla konsekvensgrad for naturmangfaldet vere ubetydeleg.

Samla konsekvensgrad: Ubetydeleg endring (0)

5.2 Utbyggingsalternativ 1

Utbyggingsalternativet inneber at det vil bli utbygd innanfor det definerte arealet avsett til næring. Ettersom det framleis er tidleg i planleggingsprosessen er det ikkje framstilt noko konkrete tiltak, men ein antek at all natur vil bli nedbygd her.

Det vart registrert berre ein naturtypelokalitet innanfor utgreiingsområdet, ein nedbørsmyr. Ettersom berre fastmark vil bli nedbygd her, vil ikkje denne lokaliteten bli direkte påverka. For resten av planområdet, som i hovudsak består av ung blåbærskog og myrskog, vil tiltaket medføre ubetydeleg miljøskade. For ein oppsummering av påverknaden og konsekvensgraden for alle delområda, sjå tabell 6 under.

Tabell 6. Verdivurdering av dei ulike delområda som vart registrert i utredningsområdet på Ospehaugen.

Delområde	Verdi	Tiltaket	Påverknad	Vurdering	Konsekvensgrad
1 - Ospehaugen sørvest	Stor	Blir ikkje direkte påverka av utbygging.	<u>Ubetydeleg endring.</u> Ingen eller uvesentleg endring på kort eller lang sikt	Ligg langt vekk frå tiltaksområdet.	0 Ubetydeleg miljøskade
2 - Resten av planområdet	Noko verdi	Noko kvardagsnatur vil bli nedbygd.	<u>Forverra.</u> Rører ved 20–50 % av lokaliteten, men liten forverring av restareal. Ikkje forverring av viktigaste del av lokalitet.	Ingen verdifulle naturtypar eller viktige funksjonsområde for raudlista artar vil bli påverka av tiltaket. Gjeld i hovudsak vanlege artar og deira funksjonsområde.	0 Ubetydeleg miljøskade

Samla sett vurderast tiltaket å medføre ubetydeleg miljøskade (0) for naturtypen og området samla sett.

5.3 Utbyggingsalternativ 2

Utbyggingsalternativet inneber at det vil bli utbygd innanfor det definerte arealet avsett til næring, i tillegg til eit lite ekstra areal som skildra i kapittel 1.2.3. Ettersom det framleis er tidleg i planleggingsprosessen er det ikkje framstilt noko konkrete tiltak, men ein antek at all natur vil bli nedbygd her.

Tiltaket vil medføre inngrep av skog men i dette alternativet òg eit lite myrareal. I dette tilfellet er det snakk om fattig jordvassmyr, noko som ikkje tilfredsstiller krav som naturtype etter Miljødirektoratets instruks. Det vart registrert berre ein naturtypelokalitet innanfor

utgreiingsområdet, ein nedbørsmyr. Denne ligg lenger oppe i lia mot vest samanlikna med jordvassmyra. Det er sterkt tvilsamt at utbygging av det myrpartiet vil ha noko å seie for nedbørsmyra. Resten av planområdet vil bli noko forringa. For resten av planområdet, som i hovudsak består av ung blåbærskog, myrskog og litt kalkfattig jordvassmyr, vil tiltaket medføre ubetydeleg miljøskade. For ein oppsummering av påverknaden og konsekvensgraden for alle delområda, sjå tabell 7 under.

Tabell 7. Verdivurdering av dei ulike delområda som vart registrert i utredningsområdet på Ospehaugen.

Delområde	Verdi	Tiltaket	Påverknad	Vurdering	Konsekvensgrad
1 - Ospehaugen sørvest	Stor	Blir ikkje direkte påverka av utbygging.	<u>Ubetydeleg endring.</u> Ingen eller uvesentleg endring på kort eller lang sikt	Delområde ligg unna frå tiltaksområdet.	0 Ubetydeleg miljøskade
2 - Resten av planområdet	Noko verdi	Noko kvardagsnatur vil bli nedbygd.	<u>Forverra.</u> Rører ved 20–50 % av lokaliteten, men liten forverring av restareal. Ikkje forverring av viktigaste del av lokalitet.	Ingen verdifulle naturtypar eller viktige funksjonsområde for raudlista artar vil bli påverka av tiltaket. Gjeld i hovudsak vanlege artar og deira funksjonsområde.	0 Ubetydeleg miljøskade

Samla sett vurderast tiltaket å medføre ubetydeleg miljøskade (0) for naturtypen og området samla sett.

6 Avbøtande og kompenserande tiltak

Det blir ikkje føreslått nokon spesielle kompenserande tiltak, sidan den samla belastninga i første rekke er vurdert å vere av ganske lokal og avgrensa art. Det viktigaste avbøtande tiltaket er å unngå unødige midlertidige fysiske inngrep, inkludert å plassere maskinar eller lausmassar på stader som ikkje skal bli varig fysisk påverka.

7 Vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8-10

7.1 Kunnskapsgrunnlaget (§ 8)

“Offentlige beslutninger som berører naturen skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.”

Generelt vurderast kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i utbyggingsområdet som godt. Det har vært utført nytt feltarbeid innanfor området, retta mot relevante naturtypar og artar, og i høve til nyaste metodikk. Kunnskapsgrunnlaget om naturtypar er vurdert til ganske godt. Kunnskapsgrunnlaget om karplantefloraen er vurdert til ganske godt fordi dei vart kartlagt under vekstsesongen. Kunnskapsgrunnlaget er òg vurdert til godt for lav og mosar. Sjølv om sopp ikkje vart funne så er potensialet til å finne forvaltningsrelevante artar nokså liten. For virveldyr og virvellause dyr, inkludert forvaltningsrelevante artar, er kunnskapsgrunnlaget dårlegare. Kunnskapen om påverknad er vurdert til noko mindre.

7.2 Føre-var-prinsippet (§ 9)

“Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.”

Uvisse vurderast generelt som liten for vurdering av verdi, mens det er noko høgare uvisse knytte til påverknad. Dette sidan det ikkje føreligg noko konkrete planar for tiltaket. Dette gjev noko uvisse for konsekvensen. Det er likevel vanskeleg å sjå for seg ein så sterk auke i påverknaden på området at dette endrar samla konsekvensvurdering i særleg grad.

7.3 Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10)

“En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.”

Sidan det ikkje er påvist trua natur i området, berre nær trua natur, så er det berre aktuelt å vurdere samla belastning i et lokalt perspektiv og ikkje i et regionalt eller nasjonalt perspektiv. Det er da i hovudsak tap av kvardagsnatur som fattig skogsmark og jordvassmyr, som er vanleg i området. Den samla belastninga vurdert til liten.

8 KJELDER

Artsdatabanken 2023. Fremmedartslista 2023. Hentet (dato) <https://www.artsdatabanken.no/fremmedartslista2018>

Artsdatabanken 2021. Norsk rødliste for arter 2021. <https://www.artsdatabanken.no/lister/rodlisteforarter/2021/>

Artsdatabanken 2024. Artskart. Hentet 08.08.2024 fra <https://artskart.artsdatabanken.no/>


Lyngstad, A., Moen, A. & Øien, D.-I. 2018. Nedbørsmyr, Våtmark. Norsk rødliste for naturtyper 2018. Artsdatabanken, Trondheim. Hentet 17.10.2024 frå: <https://artsdatabanken.no/RLN2018/127>

Miljødirektoratet. 2024a. Kartleggingsinstruks. Kartlegging av terrestriske Naturtyper etter NiN2. Veileder M-2209.

Miljødirektoratet. 2024b. Naturbase. Hentet 08.08.2024 fra <http://kart.naturbase.no>

Miljødirektoratet. 2024c. Veileder M-1941. Konsekvensutredninger for klima og miljø. Hentet fra <https://www.miljodirektoratet.no/konsekvensutredninger/>

Norges Geologiske Undersøkelser. 2024. Nasjonal berggrunnsdatabase. Henta 17.09.2024 frå: <https://geo.ngu.no/kart/berggrunn/>



Miljøfaglig Utredning AS ble etablert i 1988. Firmaet tilbyr miljøfaglig rådgiving. Virksomhetsområdet omfatter blant annet:

- Kartlegging og konsekvensanalyse på fagtema naturmangfold
- Kommunale naturmangfoldplaner
- Skjøtselsplaner og forvaltningsplaner
- Utarbeiding av kart (illustrasjonskart og GIS)
- FoU-virksomhet
- Kurs og foredrag

Hjemmeside: www.mfu.no

Org.nr.: 984494068 MVA